



INNOVASJON I HELSE FØRDE STATUSRAPPORT JUNI 2020

FAG- OG UTVIKLINGSAVDELINGA
SEKSJON FOR FORSKING OG INNOVASJON



Anne Kristin Kleiven, Guro Mjanger og Gro Rukan (red.)

Innhold

1.0 Regionale og lokale føringer for innovasjonsarbeidet.....	3
1.1 Oppfølgjing av styringsdokumentet:.....	3
1.1.1 Innovasjonskontraktar:	4
1.1.2 Idemottaket	4
1.1.3 Innovasjonsindikatoren	4
1.2 Utviklingsplan Helse Førde 2018-2035.....	6
1.2.1 Oppfølging av måla i Utviklingsplan for Helse Førde	6
2.0 Innovasjonsarbeid i føretaket.....	7
2.1 Kompetansen vår:.....	7
2.2 Søknadar til Helse Vest om innovasjonsmidlar:.....	7
2.3 Pust deg bedre.....	7
2.4 Innovasjonstrainee.....	9
2.5 Kommunikasjonsarbeid.....	9
3.0 Kulturgebygging – arrangement av ulik storleik.....	9
3.1 Helseinnovasjonskonferansen 2019.....	9
3.2 TekPrat.....	10
3.3 Innovasjonsforum og anna form for samhandling i Helse Vest	10
3.4 Kapitaldag i Sogn og Fjordane 17. september 2020	10
4.0 Utfordringar med innovasjonsarbeid i Helse Førde.....	10
4.1 Skape kultur for innovasjon	10
4.2 Regelverk og strukturar	11
5.0 Oppsummering.....	11

STATUSRAPPORT OM INNOVASJON I HELSE FØRDE

Juni 2020

Vedlagde statusrapport gir oversyn over sentrale føringar og summerer opp nokre sentrale område der Helse Førde har arbeidd aktivt det siste halvåret.

Rapporten gir ikkje fullt innsyn i innovasjonsaktiviteten til den store organisasjonen som Helse Førde er – betre oversyn og tydeleggjering av aktivitetane på området må vere eit mål for vidare arbeid.

Byggeprosjektet Nye Førde sjukhus og IKT-prosjekta som er under innføring handlar i stor grad også om innovasjon, det same gjeld utvikling av medisinsk behandling, tenesteutvikling og dei mange ulike utviklings- og forbetningsprosessane i føretaket. Dette er ikkje omhandla i denne rapporten.

1.0 Regionale og lokale føringar for innovasjonsarbeidet

Styringsdokument for Helse Førde HF 2020 seier mellom anna om innovasjon:

«Utvikling av ny teknologi, og meir presis diagnostikk og behandling gjennom innovasjon og næringslivssamarbeid, er sentralt for å skape ei berekraftig helse- og omsorgsteneste i framtida. Eit tettare samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet om forsking, innovasjon og innovative innkjøp er viktig for å få dette til.»

Innovasjon

I tråd med Meld. St. 18 (2018–2019) Helsenæringsmeldinga skal ein så langt råd er nytte marknaden til å utvikle nye tenester og løysingar. For å stimulere til næringsutvikling skal næringslivet involverast i planlegging og utforming av planar og vegval for å sikre best mogeleg utnytting av kompetansen og ressursane næringslivet har. Verksemndene må syte for at rutinar for samarbeid med næringslivet er på plass. Det skal nyttast innovative offentlege innkjøp der dette er relevant.

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant.
- lage rutinar for samarbeid med næringslivet der dette er relevant.
- vere aktive pådrivarar i innovasjonsarbeidet.
- nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt.
- rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet- og nytte.

1.1 Oppfølgjing av styringsdokumentet:

Helse Førde har så smått byrja samarbeide tettare med næringslivet i prosjekt der det har vore tenleg. Vi har etterkvar fått noko erfaring på området innovasjonskontraktar, som i neste fase kan gi grunnlag for innovative offentlege innkjøp.

1.1.1 Innovasjonskontraktar:

Innovasjonskontrakt er eit verkemiddel Innovasjon Norge har, der ein privat aktør kan søkje midlar til å inngå eit samarbeid med ein offentleg aktør for å utvikle eit produkt eller løysing pilotkunden (den offentlege parten) har eit definert behov for. Innovasjonskontraktar passar for prosjekt som har eit internasjonalt potensiale, og midlane er meint for å risikoavlaste bedrifter som søker midlane. Helse Førde har allereie gjennomført eitt slikt prosjekt (tolketenesta TikkTalk), og har to til i prosess i desse dagar:

1. Bruk av drone i helsevesenet

Airlift Solutions AS er partner og prosjektleiar. Prosjektet er inne i fase 3 no, der hovudmålet er å utvikle ei fullverdig dronebasert transportteneste som skal nyttiggjerast av helseforetaka i heile Norge. Prosjektet har to gonger tidlegare fått finansiering frå Helse Vest. I fase 3 støttar Helse Vest prosjektet med midlar til ein koordinator som skal stette helseforetaka sine behov i prosjektet og vere eit bindeledd mellom helsesektoren og Airlift Solutions. Eitt av måla i prosjektet er å utarbeide ein kravspesifikasjon som kan brukast som konkurransegrunnlag ved eit seinare innkjøp. I innkjøpsfasen kan ein då vurdere offentleg innovativ anskaffelse som verkemiddel.

2. Utvikling av forskingsmodul

I samarbeid med selskapet Norse Feedback vert det utvikla ein forskingsmodul som kan brukast både i klinisk praksis og til å utvikle eigne spørjeskjema til større undersøkingar blant innbyggjarane.

1.1.2 Idemottaket

Helse Førde nyttar Idemottaket til å registrere idear og større innovasjonsprosjekt. Per no er det 31 aktive idear. Dei fleste ideane er i fase 1, som betyr at ideen er registrert, men det er også nokre prosjekt som har gått over fleire år og kome lenger i utviklingsprosessen til pilotering og implementering.

Det vert jobba regionalt med å få ein så lik registreringspraksis som mogleg, slik at det blir enklare å samanlikne foretaka på tvers, og kunne få eit betre datagrunnlag når ein skal rapportere på den nasjonale innovasjonsindikatoren.

1.1.3 Innovasjonsindikatoren

Dei siste ti åra har ein jobba med å få på plass ein nasjonal innovasjonsindikator for helsesektoren, som måler både kommersiell og ikkje-kommersiell aktivitet. Den første rapporten på området vart utarbeidd allereie i 2011¹, og framleis har ein ikkje klart å konkludere på kva som gir eit mest mogleg presist mål for

¹

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/hod/sha/rapportomnasjonaleinnovasjonsindikatorer2011.pdf>

indikatoren. Tanken har heile vegen vore å finne noko som er målbart både innan prosess – og tenesteinnovasjon, i tillegg til å kunne måle tal nye produkt som er blitt utvikla (produktinnovasjon). Forslaga ein kom fram til i 2011 er på mange måtar dei same som ein diskuterer i dag – utan at ein har klart å konkludere. Forslaga i 2011 var at helseforetaka skulle rapportere følgande innovasjonsindikatorar til dei regionale helseforetaka:

- Tal aktive innovasjonsprosjekt med prosjektfase, samarbeidsrelasjonar og ressursbruk
- Tal nye patentsøknader
- Innovasjonskultur-tiltak

I starten var det ikkje noko felles system for korleis ein skulle registrere desse parametera, men dei seinare åra har dei aller fleste helseforetaka nytta ein portal utarbeidd av Induct Software (Idemottaket) for å registrere innovasjonsaktiviteten. Dette har vore eit viktig steg i retning av eit felles grunnlag for å måle aktiviteten.

Neste steg var å lage eit poengsystem, der ein fekk fleire poeng jo lengre ute i prosessen ein ide var kome:



Denne faseinndelinga kan brukast for å seie noko om den generelle innovasjonsaktiviteten, men den seier ingenting om den andre dimensjonen; nytte. Å måle nytte har vist seg svært vanskeleg, og ein har enno ikkje konkludert med kva som er den mest tenlege måten å måle dette på.

Til tross for svakheiter med innovasjonsindikatoren vart det gjort ei offisiell måling av indikatoren landet rundt på slutten av 2019. Datagrunnlaget som låg til grunn var idear som er registrert i alle helseføretak sine Idemottak. Tala i innovasjonsindikatoren er framleis noko usikre, då ein har ulik praksis for å registrere innovasjonsaktivitet i føretaka, men dei gjev likevel ein peikepinn.

Helse Førde hadde relativt høg score, noko som vitnar om at vi er på rett veg. Ut frå tabellen kan det sjå ut som Helse Førde er einaste foretak i Helse Vest som har fått poeng for spreiling, men det er stor usikkerheit knytt til tala.

NASJONAL INDIKATOR FOR INNOVASJONSAKTIVITET 2019

	TOTAL POENGSUM	IDEFANGST	Fase 1 IDEMOTTAK	Fase 2 FORPROSJEKT	Fase 3 PILOT	Fase 4 IMPLEMENTE RING	Fase 5 SPREDNING
HELSE NORGE TOTALT	ANTALL POENG	575 715	298 0	157 157	102 204	72 288	11 66
HELSE VEST	ANTALL POENG	127 235	78 0	59 59	30 60	20 80	6 36
HELSE FØRDE	ANTALL POENG	10 52	8 0	6 6	1 2	2 8	6 36
HELSE BERGEN	ANTALL POENG	91 132	63 0	42 42	19 38	13 52	0 0
HELSE FONNA	ANTALL POENG	5 12	0 0	2 2	3 6	1 4	0 0
HELSE STAVANGER	ANTALL POENG	21 39	7 0	9 9	7 14	4 16	0 0

1.2 Utviklingsplan Helse Førde 2018-2035

Utviklingsplanen for Helse Førde peikar på fleire innsatsområde for innovasjonsarbeidet som gir føringar for arbeidet:

- Utvikle og sikre ein meir robust og tydeleg organisasjon for forsking og innovasjon.
- Auke innsatsen til klinikknær forsking og innovasjon, og infrastruktur og støttefunksjonar.
- Legge til rette for helsenæringsutvikling i samarbeid med eksterne.

1.2.1 Oppfølging av måla i Utviklingsplan for Helse Førde

Det har blitt jobba med ein ny strategi for forsking og innovasjon det siste halvåret. Den nye strategien understrekar behovet for ei tydelegare organisering av forskings- og innovasjonsaktiviteten i føretaket, og kjem med mål og tiltak som skal dra føretaket i retning av å bli ein varig forskings- og innovasjonsorganisasjon.

Helse Førde er i gang med ei opptrapping av forskings- og innovasjonsaktiviteten, og det vert årleg sett av friske midlar over budsjettet for å kunne auke innsatsen.

Helse Førde har også begynnande erfaring med helsenæringsutvikling, og eitt forskings- og innovasjonsprosjekt har generert eit firma (Norse Feedback). Vi er

også i tett samarbeid med næringslivet gjennom innovasjonskontrakter, ref punkt 1.1.1.

2.0 Innovasjonsarbeid i føretaket

2.1 Kompetansen vår:

Tre av dei tilsette i Seksjon for forsking og innovasjon jobbar på innovasjonsfeltet. Vi har fått auka stillingsressurs rådgjevar for innovasjon, der vi no deler stillinga med Høgskulen på Vestlandet, og har avtale om samarbeid på dette området. Frå 15. august 2020 får vi styrka innovasjonsarbeidet ytterlegare med ein trainee som skal jobbe for oss i eitt år. I tillegg kan avdelinga trekke på ressursar i FAU ved behov. Nokre tilsette i FAU er involvert i konkrete innovasjonsprosjekt, som til dømes droneprosjektet.

Vi har ved fleire høve også hatt god nytte av Helse Vest RHF sin kompetanse innan juridiske problemstillingar knytt til innovasjon. Dette er framleis eit nokså ukjent område for Helse Førde (og dei andre foretaka i Helse Vest), og erfaringar så langt viser at det er viktig å kople denne type kompetanse på tidleg i alle innovasjonsprosjekt. Spørsmål om immatrielle rettar, patentering, kven eig kva, kan dukke opp relativt tidleg i prosessane.

2.2 Søknadar til Helse Vest om innovasjonsmidlar:

Vi sendte inn tre søknadar om innovasjonsmidlar hausten 2019 til prosjekta «Pust deg bedre», The ALIENS Study, og PainPad. To av prosjekta fekk midlar som sikrar vidare framdrift i prosjekta. «Pust deg bedre» fekk 950.000 kroner, og the ALIENS study fekk 500.000 kroner.



2.3 Pust deg bedre

Prosjektet «Pust deg bedre» har også vore omtala i tidlegare styresaker (sak 049/2019, 084/2019). Prosjektet er meir relevant enn nokon gong i desse dagar, då det kan hjelpe lungesjuke som har hatt avgrensa tilgang til helsevesenet i Korona-tida.

«Pust deg bedre» er ein app utvikla for å hjelpe lungesjuke pasientar med å gjere

NRK Nyheter Sport Kultur Humor Distrikt Mer Vestland Innan med oss Veitelandstrøgen 17.10.2021

Ny app hjelper Tone med å behandle lungesjukdommen sin

Pasientar med lungesjukdom kan no få hjelpe via mobilen. – Korona gjorde at me sette opp fort.



Trine Brumham Mjøs
Foto: Helse Vest

Helse Vest

Det er også viktig å spre informasjon om verktøyet til dei andre helseforetaka også, slik at behandlerane kan tilby denne applikasjonen som ein del av behandlinga framfor at pasientane kjem til time og seier dei har lasta ned ein app dei ønskjer å bruke.

Elin (36) har i to år jobba med ein app for dei med lungesjukdom. No er appen meir relevant enn nokon gong



Elin (36) har i to år jobba med ein app for dei med lungesjukdom. No er appen meir relevant enn nokon gong

– Då vi kom på ideen i 2018 tenkte eg ikkje at appen ville bli lansert midt i ein pandemi.

pusteøvingane sine riktig.

Pusteteknikkane hjelper pasienten med å løsne, flytte og fjerne slim frå lungene. Då korona-viruset angrip lungene kan appen vere relevant for pasientar med korona-symptom som elles ikkje har problem med lungene. Appen er i tillegg eit nyttig verktøy for lungesjuke pasientar til å ivareta seg

sjølv no som dei er ekstra sårbare grunna Covid19. Appen vart lansert i påskeveka, og er ope tilgjengeleg i Google Play og Apple Store. I tillegg er det tilgjengeleg informasjon om appen på www.helsenorge.no

Det er tydeleg at det er behov for appen, då den har blitt lasta ned over 1300 gongar sidan han vart lansert. Prosjektet har fått midlar frå Helse Vest også for 2020, og vil halde fram med vidareutvikling og breidding av appen til andre foretak også. Det er utvikla tett samarbeid med LHL-sjukehuset på Gardermoen, og planen var at appen skulle piloterast der i vår. Dette har no blitt utsett grunna korona. Sjølv om appen er ope tilgjengeleg for alle å laste ned, er det ein fordel å gå gjennom

pusteøvingane med terapeut for å få best mogleg utbytte av verktøyet. Det vert difor viktig å spreie informasjon om verktøyet til dei andre helseforetaka også, slik at behandlerane kan tilby denne applikasjonen som ein del av behandlinga framfor at pasientane kjem til time og seier dei har lasta ned ein app dei ønskjer å bruke.

Det er også laga ei eiga nettside (www.pustdegbedre.no) der ein kan finne relevant informasjon og opplæringsvideoar.

Det er også knytt forsking til prosjektet gjennom eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet.

Piloteringa av applikasjonen er organisert som eit forskingsprosjekt i eit samarbeid mellom Helse Førde, HVL, LHL og OUS. Det er eit multisenterstudie med ulike profesjonar involvert (fysioterapeut, lungesjukepleiar, bioingeniør og samfunnsvitar).

Studiet har fått REK-godkjenning, men er sett på vent p.g.a. pandemien.

Det skal gjennomførast ein «Feasibility-studie» som er eit relativt lite studie som undersøkjer om appen er «feasible» eller «gjennomførbar» å bruke i behandlinga av lungesjuke. 15 pasientar skal teste ut appen i tre månader, svare på eit spørjeskjema og gjennomføre fokusgruppeintervju i etterkant.

Målet er at dette vert gjennomført som ei forstudie, med mål om å gjennomføre ein større RCT-studie.

2.4 Innovasjonstrainee

For første gong er Helse Førde med i Framtidsfylket si regionale traineeordning. Vår traineestilling er lagt til innovasjonsfeltet. Stillingsutlysinga var ganske open, men la vekt på oppgåver innan innovasjon, prosjekt, kommunikasjon og arrangement. Vi fekk 24 søknadar; imponerande mange av desse var relevante kandidatar. Vi har no tilsett ein nyutdanna arkitekt som tek til i jobben i august. Kandidaten har ein god kombinasjon av jobberfaring frå omsorgssektoren og interesse for å kombinere arkitektur med funksjonell bruk for pasient. I tillegg har kandidaten kommunikasjonsfagleg erfaring både innan foto, grafikk og tekst.

2.5 Kommunikasjonsarbeid

Det er viktig at Helse Førde si satsing på innovasjon syner igjen i alle avdelingar. Vi er ikkje der enno, men har ei medviten haldning til at kommunikasjon og tilrettelegging av informasjon er ei vesentleg side av arbeidet vi gjer. Vi har mål om at tilsette med gode idear lett skal finne ei open dør og lett få hjelp av oss. Det siste året har vi mellom anna fornya nettsida helseforsking.no, og vi har ambisjonar om å bli endå meir aktive på dette området. Kommunikasjonsarbeid og kulturbygging heng tett saman.

3.0 Kulturbygging – arrangement av ulik storleik

3.1 Helseinnovasjonskonferansen 2019

Helse Førde var hovudarrangør for ein helseinnovasjonskonferanse den 31. oktober 2019. Medarrangørar: NHO, Sunnfjord utvikling, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane og Høgskulen på Vestlandet.

Målet med konferansen var å etablere ein tverrsektoriell årleg møteplass i vår region med fokus på innovasjonspotensial knytt til helsesektoren. Denne møteplassen skal stimulere til helseinnovasjon i regionen, samt styrke og auke samhandlinga mellom offentlege og private aktørar.

På konferansen var det 150 påmelde, og tilbakemeldingane frå deltakarane var i stor grad positive. Hausten er ei tid med stor konkurranser om slike arrangement, og vi har bestemt å legge neste konferanse til starten av 2021.

3.2 TekPrat

Helse Vest IKT har i fleire år arrangert TekPRAT i Bergen. Eit konsept der helsesektoren, akademia og næringslivet legg til rette for ein møteplass for kunnskapsdeling og nettverksbygging med utgangspunkt i ulike teknologitema. Helse Førde arrangerte ein TekPRAT i september 2019, der vi fekk heile 95 påmeldte. Planen er eit slikt arrangement i halvåret. Grunna koronasituasjonen måtte vi tenke litt annleis, og dette semesteret vart det arrangert eit TekPRAT webinar på tvers av alle føretaka i region Vest i mai.

3.3 Innovasjonsforum og anna form for samhandling i Helse Vest

Det vert jobba godt med kulturygging innan innovasjon på tvers av foretaka i regionen. I tillegg til rolla som deltakar i innovasjonsforumet, har vi skaffa oss god kjennskap til ressurspersonar i Bergensmiljøet som vi jamleg samhandlar med. Det ser vi gode resultat av.

Døme på dette er:

- 1) Lansering av «Pust deg bedre» - Helse Vest IKT var svært imøtekommende og la godt til rette for å få appen lansert, i tillegg til å opne dørene til helsenorge.no og rettleie oss i prosessen med publisering der.
- 2) TekPRAT - Helse Førde har ei aktiv rolle i planlegging av arrangement i lag med konsepteigar Helse Vest IKT.
- 3) Helse Veste Challenge er eit nytt konsept vi jobbar fram. Også her har Helse Førde ei aktiv rolle i arrangementskomiteen.

3.4 Kapitaldag i Sogn og Fjordane 17. september 2020

Dette er ein arena der mange grunderar, investorar, næringsliv og innovasjonsmiljøet i regionen møtast. Det kan vere strategisk fornuftig at Helse Førde er til stades der årleg. Arrangert av: Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, Aksello, Sogn og Fjordane Næringsråd og NHO Vestland.

4.0 Utfordringar med innovasjonsarbeid i Helse Førde.

4.1 Skape kultur for innovasjon

Det har skjedd mykje positivt på innovasjonsfeltet i Helse Førde dei siste åra. Samarbeidet med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane har styrka oss, og samstundes kjem det år for år tydlegare fram i oppdragsdokumenta våre at innovasjon og samarbeid med næringsliv er noko vi skal jobbe med. Ei av dei største utfordringane er å skape gode arenaer for dialog mellom tilsette og leiatarar der innovasjon vert sett på agendaen, slik at vi saman klarer å bygge ein god kultur for å jobbe målretta med innovasjon og nyskaping.

Vi ønskjer å skape fleire uformelle møteplassar der folk med gode idear kan møtest, samstundes som ein skal føle at ein kan få hjelp til å komme i gang med å vidareutvikle ideen sin. Ein form for innovasjonslab, gjerne i kombinasjon med eit simuleringsrom kunne vore ein slik arena. Då får ein også kopla ulike aktivitetar i føretaket saman og ein kan oppnå synergiar.

Dei siste åra har vi målretta satsa på å auke fokuset på innovasjonsfeltet blant våre tilsette, og har mellom anna tilsett ein innovasjonsrådgjevar som vi deler 50-50 med HVL. Målsetjinga er å auke talet innovasjonar frå Helse Førde og HVL, og bygge ein sterk innovasjonskultur.

4.2 Regelverk og strukturar

Ei av dei største utfordringane i arbeidet med innovasjon er at det ofte ikkje passar inn i dei formelle strukturane i eit helseføretak. Innovasjonsprosjekt er ofte meir «lettbeinte» enn tradisjonelle prosjekt, og det er ein fare for at ein kan kvele kreativiteten og framdrifta i prosjekta dersom ein skal inn i den tradisjonelle prosjektporlefølgen. Det har vore uttalt tidlegare frå RHF'et at ein ønskjer ei kjappare og mindre formell løype for innovasjonsprosjekt, men så langt er ikkje slike strukturar på plass.

Det er også eit ønskje i Helse Vest at ein skal i større grad dele dei gode ideane med kvarandre, og implementere prosjekt som har lukkast på tvers av foretaka. Også her ser ein at det er krevjande å få til. Viljen er der, men ein har så langt ikkje klar ei løype eller oppskrift på korleis ein skal utføre det i praksis.

Det er klare nasjonale og regionale føringar på at ein skal gjere meir av offentleg-privat samarbeid. Også her opplever ein utfordringar, då det er lett å trø feil. Helseføretaka skal samarbeide tett med næringslivet og bidra til næringsutvikling, samtidig som ein ikkje må gå for langt og risikere å bryte reglar for innkjøp eller statstøtteregelverket. Det positive er at Helse Førde opplever å ha ein god dialog med Helse Vest når det gjeld juridiske spørsmål og regelverk, og at RHF'et ønskjer å følge prosjekta våre tett for også å auke sin eigen kompetanse på området.

5.0 Oppsummering

Helse Førde har det siste halve året halde fram å styrke innovasjonsarbeidet med fleire aktivitetar. Fleire prosjekt har fått midlar frå Helse Vest og er i gang. Samarbeidet med Høgskulen om ei felles stilling har styrka oss, og vi ser fram til også å få ein trainee inn i staben til hausten. Det vert arbeidd med å gjere omgrepene innovasjon – kva dette dreier seg om - betre kjent, og ikkje minst korleis ein kan få fram og jobbe med idear. Det er tett dialog mellom føretaket og

Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, som gir råd og rettleiing. Vi må arbeide vidare med å byggje kultur, gjere prosessane tydelege og opparbeide oss meir kunnskap om regelverk og juss. Arbeidet med å etablere og styrke det eksterne samarbeidet med utdannings- og forskingssektoren og næringslivet må halde fram, og vi må bli endå betre på kommunikasjonsarbeid for å få fram dei gode historiene og vise fram den aktiviteten vi har i dag. Dette er eit viktig ledd i å byggje kultur for innovasjon.